MØTEBOK HALLINGTINGET

TID: 29. - 30. oktober 2026
STAD: Jakt og fiskesenteret - Flå

Desse møtte på Hallingtinget:

Hol kommune	**Hemsedal kommune**
Sigrid Simensen Ilsøy	Pål Rørby
Sissel Hovland	Hege E. Falck- Andersen
Guri T. Slettemoen	Inge Berthram Wahl
Kristian Brusletto Kjærholt	Hege Austheim Jacobsen
Ål kommune	**Nesbyen kommune**
Jørund Li	Anne Kari Eriksen
Lene Prestegard	Kristian Noreng (dag 1)
Dagfinn Bøygard	Geir Olav Garthus
Torild Helling Bergaplass	Anne Marie Kollhus (dag 1)
Ola Terje Oleivsgard	Øyvind Frekeplass
Gol kommune	**Flå kommune**
Heidi Granli	Merete Høntorp Gandrud
Tom Rune S Blakkestad	Tor Egil Buøen
Leif Norhaug	Karen Johanne Gulsvik
Jan Kattenberg	Kristin Gullingsrud
Kristin Bakke Haugen	Steinar Steinarson

Frå Kommunedirektørutvalet møtte:

Karsten Popp Dideriksen	Ål kommune,
Hege Mørk	Gol kommune
Erling Glesne	Flå kommune
Bjarte Reve	Hemsedal kommune
Ole Johnny Stavn	Hol kommune
Christine Larsdotter Vaagen	Nesbyen kommune (dag 1)

Frå Buskerud fylkeskommune møtte:
Hans Petter de Fine (R)
Hilde Aarø (adm)

Frå Regionrådsadministrasjonen møtte

Jan Olav Helling	Dagleg leiar
Maria Grevsgård	Regionalutviklar
Guro Flatland Veslehaug	Klimakoordinator

Sak 11/25 Nasjonalt fokus på Regionalt samarbeid

Hallingtinget sette fokus på Nasjonale signal når det gjeld regionalt samarbeid og drøfta mellom anna første del av KS Debatthefte og NOU 2026: 1 ein berekraftig kommunesektor

Følgande svar kom frå gruppene då KS debatthefte vart drøfta:

Kva talar for forsterka kommunesamarbeid?

- Betre kvalitet og meir robuste tenester gjennom større fagmiljø.
- Auka tilgang på kompetanse og betre rekruttering av fagpersonar.
- Reduserte sårbarheits- og habilitetsutfordringar i små kommunar.
- Meir effektiv ressursbruk og betre økonomi gjennom stordriftsfordelar.
- Fleire attraktive kompetansearbeidsplassar i regionen.
- Større evne til å møte nye krav innan teknologi, beredskap og lovpålagde oppgåver.

Kva talar imot forsterka kommunesamarbeid?

- Geografiske avstandar kan gjere samarbeid meir krevjande.
- Fare for svekt lokal identitet og mindre nærleik til tenestene.
- Mindre direkte demokratisk påverknad og lokal kontroll.
- Usemje om lokalisering av funksjonar og arbeidsplassar.
- Risiko for at enkelte kommunar opplever å miste innverknad og makt.
- Kostnader og ressursbruk knytt til etablering og drift av samarbeidsløysingar.

Er det behov for nye eller andre verkemiddel frå nasjonale styresmakter?

Det kan vere behov for sterkare nasjonale verkemiddel som støttar gode lokale prosessar.

- Tidsavgrensa tilskotsordningar til utgreiing, utvikling og utprøving av nye samarbeidsløysingar.
- Langsiktige økonomiske insentiv for kommunar som etablerer varige samarbeid.
- Betre rettleiing og støtte knytt til personvern, informasjonstryggleik og GDPR.
- Statleg støtte til digital infrastruktur som legg til rette for samarbeid på tvers av kommunegrenser.
- Desentralisering av statlege arbeidsplassar og kompetansemiljø som kan styrkje lokale og regionale fagmiljø.

Korleis kan fylkeskommunen bidra til å styrke kommunane sin tilgang til nødvendig kompetanse og kapasitet?

Fylkeskommunen kan:

- Leggje til rette for regionale samarbeidsarenaer og nettverk.
- Bidra med kompetanseutvikling og faglege møteplassar.
- Støtte utviklingsprosjekt og innovasjonsarbeid i kommunane.
- Arbeide for gode samferdselsløysingar og kollektivtilbod som bind regionar saman.
- Medverke til å regionale kompetansearbeidsplassar til distrikta (fylkesdistrikssenter)

Korleis kan KS bidra til å støtte opp om gode lokale prosessar for forsterka samarbeid

- Prosessrettleiing, verktøy og metodar for gode lokale samarbeidsprosessar.
- Juridisk, organisatorisk og fagleg støtte til kommunar og regionar.
- Arenaer for erfaringsutveksling og deling av gode samarbeidsløysingar.
- Synleggjere gevinstar og utfordringar ved ulike samarbeidsmodellar.
- Vere ein pådrivar for nasjonale verkemiddel som styrkjer kommunal kapasitet og kompetanse.

Sak 12/25 Regionalt samhandling - fokus på samarbeid, kommunikasjon og relasjon

Hallingtinget drøfta korleis samarbeidet verkar og kva som ikkje verkar som det skal. Det vart for tredje året på rad gjennomført ein samarbeidstest som gir eit bilete på korleis det står til.

Samarbeidstesten 2026

	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	totalt
Hol	5	4	4	5	4	4	5	4	4	4	43
Ål	5	5	6	6	4	6	4	5	4	4	49
Gol	5	4	4	5	4	4	3	5	4	4	42
Hemsedal	5	3	4	5	4	4	3	4	3	4	39
Nesbyen	2	2	2	4	4	3	5	3	4	3	32
Flå	6	4	5	4	5	6	5	3	4	5	47
tot	28	22	25	29	25	27	25	24	23	24	252
Snitt	4,7	3,7	4,2	4,8	4,2	4,5	4,2	4,0	3,8	4,0	42,0

1.Tillit - 2.leiaranne utnyttar potensiale - 3.Forankring - 4. Enig om utfordringane -5. Målforståing 6. Viktige aktørar deltek - 7.næringslivet er involvert - 8.oppfølging av regionplan - 9. Deltakarane er raske til å utnytte mogelegheiter - 10. Begeistring og entusiasme

Vidare drøfta Hallingtinget suksesskriterier for samarbeid, kva som har endra seg og korleis det opplevast frå den einskilde kommune.

Det var semje om at kommunane får litt tid på seg til å beskrive samarbeidet, si noko om kvar skoen trykker og kva som bør og må forbetrast. Saka blir sett på dagsorden på Hallingtinget til våren.



Vedtak:

1. Hallingtinget ber administrasjonen i samarbeid med Regionrådet rigge ein prosess i neste Hallingting som skal ha som mål å utvikle og betre det regionale samarbeidet i Hallingdal.
2. Noko av grunnlaget for prosessen får ein gjennom samarbeidstesten, men Hallingtinget ber kvar kommune i løpet av januar 2027 om å beskrive situasjonen slik dei ser det, her under kor skoen trykker og forbetringar. I tillegg bør dette vere tema på leiarsamlinga i februar.

Sak 13/25 Rullering av Handlingsprogrammet i Regionplan for Hallingdal

Vedtak
Hallingtinget vedtar handlingsprogrammet til Regionplan med dei endringane som kom fram i møte. Sjå vedlegg.

Sak 14/25 Årsbudsjett for 2026 og økonomiplan 2026-2028 for Regionrådet for Hallingdal

Vedtak:
1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek følgjande forslag til finansiering av regionalt arbeid:
   a. driftsbudsjettet 2027 for Regionrådet, med ei kommunal finansiering på kr. 3130 000
   b. gjennomføring av tiltak i strategisk plan med ei kommunal finansiering på kr. 900 000
   c. justering av dispfond med kr 388 144
2. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir på kr. 700 000 for 2027 og at ein går attende til vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2028.
3. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 350.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert.
4. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 350.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
5. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2027 – 2030

Sak 15/25 Årsbudsjett for 2026 for Hallingdal etablererteneste

Vedtak:
Regionrådet rår Hallingtinget til å gjera framlegg om at kommunane vedtek driftsbudsjett 2027 for Hallingdal etablerersenter, med ei kommunal finansiering på kr. 1180 000

Sak 16/25 Regionalt politiråd
Regionalt politiråd er avholdt. Brit Fyksen, Håvard Listaul frå Felles forebyggende i Sør-Øst politidistrikt og Ole Reidar Lågrinn, SLT hadde kvar sine innlegg. Sjå vedlegg. I tillegg sa kommunedirektørane noko om samarbeidet med SLT og Politi.

Vedtak:
Hallingtinget vidarefører samarbeidsavtale for politiråd.

Hallingdal, 4. nov 2026
for rådsordførar

Vedlegg: Nytt handlingsprogram

Handlingsprogram 2026 – 2028 (Ajour haust 2026)

NÆRINGSUTVIKLING OG ARBEIDSPLASSAR			
Tiltak	**Tid**	**Ansvar**	**Involvering**
Mål 1.1. **Hallingdal har etablert eit tettare og meir formalisert samarbeid rundt det regionale næringsarbeidet.**			
1.1.1. Utvikle tettare tenestesamarbeid på regional næringsutvikling og styrke Hallingdal som ein næringsvenleg region gjennom ein digital portal for næringsareal, ressursar og støtteordningar ressurspersonar og aktuelle støtteordningar	2027	Næringsforum	Regionråd
1.1.2 Vurdere dei tiltaka som kom fram i rapporten etter SATS PÅ HALLINGDAL	2027	Regionråd	Næringsforum
Mål 1.2: **Regionen har auke i talet på arbeidsplassar og nyetableringar og større variasjon i bransjar**			
1.2.1 Arbeide vidare med etablering og finansiering Sats på Hallingdal 2.0. – eit regionalt næringsfond som skal fremme lokalt næringsliv.	2027	Regionråd Næringshage Næringsforum	
1.2.1 Arbeide vidare med etablering og finansiering av Fjellfond, eit større investeringsfond i Hallingdal	2027	Regionråd Næringshage Næringsforum	Næringsliv Investorar
1.2.2 Jobbe for eit fylkesdistriktssenter i Hallingdal	2026	Nesbyen Regionrådet	
1.2.3 Arbeide med eit med eit samla kunnskapsgrunnlag på datasenteretablering	2027	Næringshagen Kommunane	Regionrådet
Mål 1.3: **Auka innkjøp av lokale varer og tenester, som følgje av betre og meir tilpassa avtaler og betra innkjøpskompetanse.**			
Utarbeide og ta i bruk regional innkjøpsstrategien slik at den tek inn over seg nye krav til klimavenlege og innovative innkjøp og i større grad tek omsyn til lokale næringslivsaktørar.	2027	Kommunar	Regionråd
1.3.2 Heve kompetansen blant innkjøparar i kommunen	2027	Kommunar	
Mål 1.4: **Kvinnenes posisjon i næringslivet er styrka**			
1.4.1 Stimulere til nyetablering slik at det er over 40% kvinneleg gründarar	2027	Etablerersenter	Kvinnegnist
1.4.2 Jobbe for å få fleire kvinner inn i leiinga i bedrifter.	Kont	Næringshage	Kvinnegnist
1.4.3 Jobbe for 40% kjønnsbalanse i styrer	Kont	Næringshage	Kvinnegnist

KOMPETANSE OG UTDANNING			
Tiltak	**Tid**	**Ansvar**	**Involvering**
Mål 2.1: **Hallingdal kan tilby 600 studieplassar på fagskule og høgskulenivå**			
2.1.1 Arbeide for fleire desentraliserte studietilbod for høgare utdanning i Hallingdal - og avklare vidare utvikling i Hallingdal i samråd med USN, USG og andre samarbeidspartar	Kont	Regionråd	
Mål 2.2: **Hallingdal jobbar systematisk med eit variert VGS tilbod, med å sikre gode overgangar frå grunnskule til VGS og med å opplyse om vidare utdanningsmoglegheiter i Hallingdal etter endt vidaregåande opplæring. Me stimulerer også lokalt næringsliv til å ta eigarskap til utdanningsløp for å sikre eigen arbeidskraft**			
2.2.1 Oppretthalde og vidareutvikle ein skulestruktur som styrkar gjennomføringsgrad og dekker regionen sitt behov.	2027	Regionrådet	BFK
2.2.2 Jobbe for tilrettelagt og relevant yrkesfagtilbod, og kople vidaregåande skule og lokalt næringsliv.	2027	Regionrådet	BFK VGS Næringa
Mål 2.3: **Yrkes- og utdanningsmessa er sikra økonomisk. Regionalt næringsliv ser på yrkesmessa som ein relevant arena for å rekruttere arbeidskraft**			
2.3.1 Me har fått på plass ei avtale med offentlege aktørar og næringsaktørar som sikrar drift framover	2027	Regionrådet	Næringshagen Karrieresenter
Mål 2.4: **Det er etablert fleire konkrete tiltak er som har fokus på å motverke utanforskap**			
2.4.1 KI laben er vidareført og sikra økonomisk	2025	Hemsedal kommune	Regionråd NAV
2.4.2 Iverksette fleir tiltak for å få fleire inn i jobb og ut av utanforskap i tråd med vegkart for arbeidsinkludering	2026	Regionråd NAV	VINN Næringsliv Frivillige
Mål 2.5: **Næringsliv, det offentlege og akademia jobbar systematisk med næringslivsutvikling og samfunnsutvikling**			
2.5.1 Vidareføre traineeordninga i Hallingdal både i næringsliv og i det offentlege	2027	Regionråd	Næringsliv Næringshagen
2.5.2 Synleggjera verdiskapingsprogram, internshipordningar og karrieremoglegheiter	2027	Regionråd	Næringshagen Næringsliv

KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR			
Tiltak	**Tid**	**Ansvar**	**Involvering**
Mål 3.1: **Bygginga av vegpakke Hallingdal samt utbetring av fjellovergangane har kome i gang**			
3.1.1 Arbeide for finansiering og oppstart av vegpakke Hallingdal i tråd med NTP	2027	Regionråd	Samferdselsutval
3.1.2 Arbeide for betra veg og betre vinterregularitet på fjellovergangane	2027	Regionråd	Samferdselsutval
3.1.3 Jobbe med konsekvensar av stenging av Lærdalstunellen	2027	Regionråd	Samferdselsutval
Mål 3.2: **FRE 16 - Bergensbanen si forkorting har fått oppstartsløyving**			
3.2.1 Arbeide aktivt for realisering av FRE 16	2027	Regionråd	Samferdselsutval næringsliv
3.2.2 Delta i, og støtte ulike samarbeid og alliansar som jobbar for betra samferdselsløysingar	kont	Regionråd	Samferdselsutval næringsliv
Mål 3.3: **Hallingdal har betra kollektivtilbod gjennom nytenking rundt organisering og finansiering**			
3.3.1 Starte ein prosess internt i Hallingdal og mot/med fylkeskommunen for å finne nye kollektivløysingar	2027	Regionrådet	BFK
3.3.2 Sikre finansiering av Hallingbussen for framtida	2027	Samferdselsutval	Regionråd
Mål 3.4: **Alle bustadene i Hallingdal har tilbod om breibandsdekning**			
3.4.1 Fortsette breibandsutbygging i Hallingdal	2028	Regionråd	Kommunar Bruse

KLIMA OG MILJØ			
Tiltak	**Tid**	**Ansvar**	**Involvering**
Mål 4.1: **Reduserer materielt forbruk og aukar ombruk, gjenbruk og kjeldesortering.**			
4.1.1 Innføre klimaråd i dei kommunane som ikkje har det	2027	Kommune	Bærekraft Hallingdal klimanettverk
4.1.2 Innføre klimabudsjett og klimarekneskap på kjøp av varer og tenester i kommunane	2027	Kommune Bærekraft Hallingdal	klimanettverk
4.1.3 Miljøfyrtårnsertifisere fleire kommunale verksemder	2027	Kommune	Bærekraft Hallingdal
4.1.4 Følge opp og vidareutvikle gjenbruks-konteinarar på gjenvinningsstasjonane	2027	Bærekraft Hallingdal	Hallingdal renovasjon

4.1.5 Auke reparasjon, ombruk og delings-økonomi for å sikre berekraftig forbruk og avfallsreduksjon i Hallingdal.	Kont	Kommunar	Næringsliv frivillige
Mål 4.2: **Hallingdal er pådrivarar for grøne næringar ved å få til økonomisk vekst med mindre miljøpåverknad og lågare utslepp av klimagassar**			
4.2.1 Vurdere å utarbeide besøksstrategi og sårbarheitsanalyse i områder og område med mye besøk	2027	Kommunane	
Mål 4.3 **Hallingdal reduserer utslepp frå vegtrafikk gjennom auka tilrettelegging for utsleppsfrie køyretøy, betre kollektivtilbod og tilrettelegging for sykkel og fotgjengarar**			
4.3.1 Vera pådrivar for at bussar, varebilar og tungtransport brukar elektrisitet, biogass eller hydrogen	2027	Klimakoordinator	Kommunane
MÅL 4.4. **Hallingdal reduserer forbruket av energi og produserer meir ny fornybar energi**			
4.4.1 Stimulere til bruk av fornybare energikjelder (sol, flis, pellets, bergvarme)ved kommunale og private bygg der det er hensiktsmessig	2027	Klimakoordinator Kommunar Bedrifter	
Mål 4.5 Hallingdal jobbar systematisk for å nå måla i regional plan for klima, natur og klimatilpassing			
4.5.1 Regional plan for klima, natur og klima-tilpassing blir gått gjennom i ulike utval, team og råd	2027	Ordførar Kommunedirektørar/	klimaråd
4.5.2. Det blir rapportert på status og indikatorar årleg i Hallingtinget	2027	Regionrådsordførar Regionrådsleiar	Klimakoordinator
4.5.3 Avklare interesse for regional klimanorm/ klimaplanlegger og eventuelt utarbeide den.	2027		
Mål 4. 6 **Krøderen har god økologisk tilstand**			
4.6.1 Arbeide med opprydding i spreidd avløp og prioritere tiltak som gir størst effekt	2027	Kommunar Utsleppsgruppa KAV	
4.6.2 Optimalisering av kommunale avløpsanlegg og reduksjon av overløp	2027	Kommune	
4.6.3 Jobbe for å avklare finansiering av ressurs for oppfølging av landbruket med fokus på betre gjødslingspraksis og redusert avrenning	2027	Utsleppsgruppe Kommune	Næringa Norsk landbruksrådgiving

BU-OG BLILYST			
Tiltak	**Tid**	**Ansvar**	**Involvering**
Mål 5.1: **Det er etablert samarbeid mellom offentlege og private aktørar om bustadutvikling i alle kommunar, og utarbeidd strategiar for styrka regionalt samarbeid på bustadfeltet.**			
5.1.1 Vurdere modellar for å gjera det lettare å koma inn på bustadmarknaden	2027	Kommunen	Regionråd Næringsliv
5.1.2 Utvikle «opplysningskontor for bustad» i Hallingdal	2027	Kommunen Næringshage	Næringsliv Husbanken Distriktssenteret
5.1.3 Heve kompetansen på verkemiddelbruk i kommunane gjennom t.d. bustadkonferanse, kursing osb.	2027	Opplysningskontor for bustad	Kommunane
Mål 5.2: **Det er iverksett strategiar for å få bulystarbeid inn i kommunal drift, og ein har fått på plass tiltak for auka trivsel og tilhøyrigheit for innbyggarane i Hallingdal**			
5.2.1 Vidareutvikle bulystforum i Hallingdal med deltaking frå kommunane.	2027	Kommunane	Regionrådet
5.2.2. Gjennomføre tiltak i bu- og blilystprogrammet	2027	Regionalt bulystprogram	Regionrådet BFK Næringsliv
5.2.3 Implementere ein trivselsstrategi i kommunane	2027	Kommunen	Regionalt bulystprogram
Mål 5.3: **Hallingdal har iverksett nye tiltak for at fleire flyttar til Hallingdal og blir buande, og færre flytter frå.**			
5.3.1 Delta i ei landsdekkande undersøking om kva som får folk til å flytte til distrikt	2027	Fjellnettverket Regionalt bulystprogram	
5.3.2 Delta i Emigration expo i Nederland	årleg	Regionråd	Kommunar Næringsliv
5.3.3 Innføre og ta i bruk ein rekrutteringsstrategi i Hallingdal for offentleg sektor	2027	Kommunane	HR forum
Mål 5.4: **Hallingdal profilerer seg som EIN bu- utdannings og arbeidsregion og har målretta marknadsføring mot den kompetansen og dei folka me treng for å utvikle regionen**			
5.4.1 Vidareutvikle den overordna profileringskanalen for Hallingdal. (Hallingdal.no)	kont	Regionråd	Kommunane Næringsliv
5.4.1 Styrke Hallingdal som merkevare	2027	Regionråd	Kommunane Næringsliv

MÅL 6. INTERKOMMUNALE TENESTER OG SAMARBEID			
Tiltak	**Tid**	**Ansvar**	**Involvering**
Mål 6.1. **Hallingdal har utvikla eit strategi for betre samarbeid mellom ulike nivå i kommunane, mellom kommunar og mellom kommunar og Regionråd**			
6.1.1 Utarbeide køyrereglar, mandat eller strategi for å betre det regionale samarbeidet	2027	KRU	Regionråd
Mål 6.2: **Hallingdal er einige om korleis ein forvaltar nye og eksisterande regionale samarbeid og eigarinteresser**			
6.2.1 Hallingdal vil auke opplæring i, og betre rutinane for eigarstyring	2028	KRU	Regionrådet
6.2.2. Auke styrekompetansen hjå politisk leiing	2028	Regionrådet	
Mål 6.3: **Hallingdal samarbeider godt om kommunale fagområde der det tener den enkelte kommune og Hallingdal samla sett.**			
6.3.1 Jobbe vidare med prosessen knytt til felles legevaktsløysing i Hallingdal	2025	Regionrådet	KRU KOLF Helseleiarar
6.3.2 Utvikle Hallinghelse som samarbeidsarena for helsetenester. Vurdere tettare samarbeid med oppvekst	2026	KRU	Helseleiarar Oppvekstleiarar
6.3.3. Utgreie eit interkommunalt samarbeid innanfor demensomsorga i Hallingdal • Unge demente • Alvorleg demenssjukdom • Bustader til demente	2027	Kommunane Nesbyen Regionråd	KRU KOLF Helseleiarar
6.3.4 Utgreie eit tettare samarbeid til personar med samansette behov	2027	KRU	Helseleiarar
6.3.5 Vurdere kva fagmiljø og tenester som bør/må samarbeide tettare for å betre kvalitet, økonomi eller redusere sårbarheit og styrke beredskap – starte med lønnsfunksjon	Kont	KRU	
6.3.6 Styrke det regionale beredskapssamarbeidet ved å følgje opp arbeidet med felles ROS	2027	KRU	Beredskaps-koordinator
6.3.7. Arbeide for utvikling av tilbodet på sjukestugu, herunder finansiering av MA	2027	KRU	
6.3.8 Jobbe saman om å følgje opp vassdirektivet	2027	KRU	

6.3.9 Vurdere samarbeid over kommunegrensene ved utbygging av heildøgns omsorg i framtida	2027	KRU	
6.3.10 Delta i IHT prosjektet Integrerte helsetenester saman med Ringeriksregionen, Ringerike sykehus		KRU	
Mål 6.4: **Hallingdal har betra, fornya og forenkla sine IT løysingar slik at ein kan møte den digitale framtida på ein sikker, kvalifisert og effektiv måte.**			
6.4.1 Utarbeide og ta i bruk ein oppdatert digitaliseringsstrategi for Hallingdal	2027	IKT Hallingdal	Kommunane
6.4.2 Samordne bruken av digitale løysingar i kommunane og auke bruken av nasjonale felleskomponentar	2027	IKT Hallingdal	Kommunane
6.4.3 Utarbeide og implementere ein strategi for sikker og effektiv bruk av KI i Hallingdal	2027	IKT Hallingdal	Kommunane